



# ARNESTUGU

*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Arnestugu i Nordherad mellom Vetleseter og Gjelbakken har også vore kalla Drågen og Sevaldstugu, dette låg opp for der Stabel og Schulz har hus i dag. I ei oversikt over plassar i bygdealmemminga i 1853 er nemnd Rudland med brukaren Arne Olsen, dette er truleg Arnestugu. Arne Olsen kan vera han som var brukar i Stordalen og levde 1774-1857, han var gift med Mari Larsdotter og dei hadde mange barn som var fødde medan dei var i Stordalen. Rasmus Isaksen som seinare vart brukar i Stordalen var i Karusbakken så seint som 1846, så det kan vera etter dette at Arne har flytta frå Stordalen og starta på nytt på Drågen. Men da han døydde i 1857 budde han i Synstlien.*

*Den neste som er nemnd i Arnestugu er Sevald Johnsen Marstein f. 1822 frå nørdre Marstein i Lia i Lom. Han tok utflytjing til Trondheim i 1841, men er nemnd i Vågå i 1848. Sevald vart i 1856 gift med Rannei Hansdotter Sønstlien 1822-1862, dotter til Hans Pedersen Holshaugen, og i 1858 budde dei i Arnestugu, men i 1862 da Rannei døydde er dei nemnde i Holshaugen. Sevald hadde desse barna:*

*Rønnaug 1841-1847, mora var Anne Pålsson f. 1798 på Kvåle i Lom*

*Hans 1848-1849, mora var Ingri Hansdotter Ulsanden*

*Hans 1849-1849, mora var Anne Henningsdotter Kveen*

*Johan 1850-1851, mora var Anne Henningsdotter Kveen*

*Mari 1853-1893, mora var Anne Henningsdotter Kveen, budde i 1865 i Stavseng saman*

*med mora*  
*Gunhild f. 1854, mora var Marit Knutdotter Jacobstugu*  
*John 1857-1857, mora var ektefella Rannei*  
*Marit 1858-1863, mora var ektefella Rannei*  
*Ole f. 1861, mora var Marit Johannesdotter Sandneshagen*  
*Ragnhild f. 1865, mora var Ragnhild Olsdotter Sandebakken*

*Sevald Marstein betalte festeavgift for åra 1871 til 1878 med kr 2,40 pr. år, og det er truleg at han budde der den tida. I 1873 fekk han feste på ei innhegning i Nordherad bygdealmemming, og utvida såleis bruket. I 1875 hadde Sevald funne saman med Anne Henningsdotter Kveen att, dei budde da i Arnestugu saman med dottera Mari f. 1853 og sonen hennar Sevald Olsen f. 1874. I 1897 er det nemnd at stugu tilhørde Sevald, men at han budde på Andvord i Lom. I 1868 er det tinglese gavebrev på Arnestugu frå Sevald Marte in til dottera Mari Kveen.*

*Mari Sevaldsdotter Arnestuen eller Kveen budde truleg i Arnestugu til ho døydde i 1893. Utan å vera gift hadde ho barna*

*Sevald Olsen f. 1874, faren var Ole Erlandsen Aabakken*

*Anne Henningsdotter 1876-1927, faren var Henning Gudbrandsen Kveen. Anne døydde på Prestsæter asyl, ho hadde tuberkulose. Da ho døydde hadde ho namnet Sevaldstuen.*

*Johan Jacobsen f. 1879, faren var Jacob Olsen Grovdalen*

*Hans Simensen f. 1882, faren var Simen Jøske, Fron, Hans reiste truleg til Skjåk*

*Mari Henriksdotter 1886-1891, faren var Henrik Sørlien, Skabo*

*I 1897 vart plassen Sevaldstuen rivi gjennom ei formell utkastelsesforretning. Dør og vindaugo vart utteke og øvre del av stugu og peispipa vart nedrivi. Likeeins vart steinfjøset og delar av steingjerdet rundt plassen nedrivi. Dette var vel for å hindre at nokon annan slo seg til på plassen. Åra før hadde Knut Brenden med familie budd på plassen, men desse hadde ei tid før flytta frå. Dette er vel dei som i 1900 budde på søre Ulsanden.*

*I 1875 vart det sådd ¼ tønne poteter og litt rug, medan det ikkje var dyrehald.*

**Kjelder: J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 121**  
**Folketelling 1865, 1875**  
**Utskrifter kyrkjebok for Vågå**  
**Nordherad bygdealmening: protokollar m.m.**